

SAK 43/26 YRKESMESSA 2027 - FINANSIERING

Bakgrunn:

Yrkesmessa i Hallingdal har vore arrangert annakvart år sidan 2000, sist i 2025. Messa samlar 75–80 utstillarar og gir om lag 1000 elevar, samt innvandrararar, andre unge arbeidssøkarar og foreldre betre grunnlag for val av utdanning og yrke, med fokus på moglegheitene i Hallingdal.

Målsetting med yrkesmessa

- Gi informasjon om karrieremoglegheitene i Hallingdal til om lag 1000 elevar på 9.-og 10.trinn og VGS. Det er også ei messe for elevane sine pårørande, til lærarar, skuleleiarar, opplæringskontor, samt næringsdrivande og offentleg verksemder i Hallingdal
- Bidra til å behalde og attrahere unge til å bo og jobbe i distrikta.
- Kople ungdom til lokalt næringsliv og offentlege verksemder
- Gi ungdom betre grunnlag for sine val, som fører til mindre "dropout" og gode langsiktige effektar
- Profilerer av Hallingdal og styrka omdømme, som på sikt er positivt for rekrutteringa til dalen
- Bidra til betra overgangar og mindre utanforskap

Tilbakemeldingane frå elevar, lærarar, føresette, skular og utstillarar er eintydig positive og me meiner dette er eit så viktig arrangement at me ønskjer å få det til også i 2027 sjølv om fylkeskommunen ikkje kan bidra.

Finansiering:

Yrkesmessa har eit finansieringsbehov på om lag 700-750 000. Dette skal dekke transport, husleige, mat til elevane, leige av messeutstyr og marknadsføring/prosjektleiing. Me fekk inn om lag 450 000 frå næringslivet sist gong - og står då at med om lag kr. 300 000.

Fylkeskommunen støtta dei første 12 første yrkesmessene økonomisk, men i 2025 var det slutt på det. No har me igjen søkt fylkeskommunen om midlar, men har ennå ikkje fått svar. Det har også vorte jobba med ein finansieringsplan der Vidju AS var kopla på, men her lukkast me ikkje med å koma i mål. Når me no planlegg yrkesmessa i januar 2027 har me ingen avtale om offentleg støtte.

Korleis finne kr 750 000 til arrangementet

- Me jobbar med å kunne redusere budsjettet noko slik at totalkostnaden blir redusert
- Me har inne ein søknad hjå fylket som me har fått svar på
- Me har mange positive signal frå næringslivet på at dei vil delta i finansieringa
- Bidrag frå kommunar/Regionråd

Me må ganske snart si ja eller nei til ny gjennomføring og treng derfor avklaring på økonomi no

Vurdering

Yrkesmessa handlar både om næringslivsstimulering, opplæring og karriererettleiing og er i høgste grad eit bu og blilystiltak. Hallingdal har som dei fleste distriktsregionar utfordringar med å sikre framtidig arbeidskraft. I denne samanheng er yrkesmessa i Hallingdal ein god og viktig møteplass mellom næringsliv, ungdom, pårørande og skulen. Det er derfor ikkje vanskeleg å forankre messa i Strategisk plan for Hallingdal eller i kommunale planar.

Me ønskjer å få med oss fylkeskommunen på ei delfinansiering. Dei burde vore sjølvskrivne, fordi heile messa er kome i stand for å gje elevar ved VGS betre rettleiing om yrkesval. Yrkesmessa er eit sentralt tiltak for karriererettleiing, rekruttering og kompetanseutvikling i Buskerud. Ho bidreg til å styrke overgangen mellom skule og arbeidsliv, redusere fråfall og utanforskap og auke interessa for å bu og arbeide i distrikta. Dette er heilt i tråd med innspela til Buskerudplanen.

Økonomi:

Om fylket vil delta er usikkert. Me har fått med oss næringslivet, både i form av direkte sponing og ved at dei betalar for å vera til stades. Og til slutt ser me på moglegheita for bruk at regionale midlar. Kommunane bidreg gjennom eigeninnsats ved at dei stiller ein stor stand

Økonomi	Kostnad
Prosjektleiing - marknadsføring	100 000
Transport	180 000
Leige av lokale, inkl. mat	300 000
Delevegger + div	170 000
Totalt	700 000

Det er vanskeleg å koma med ein eksakt finansieringsmodell når finansieringskjeldene er så usikre som dei er i dag. Det er ikkje berekraftig at Regionrådet skal tømme fond for å få realisert yrkesmessa, så me må jobbe for ein langsiktig finansieringsplan på arrangementet.

For å kunne sette i gong i år, treng me likevel ein grunnfinansiering. Me foreslår følgande modell for å finansiere ein kostnad på kr. 700 -750 000

Bidrag frå næringslivet	kr 450 000
Regionråd/kommunar bidreg med ein garantisum på	kr. 300 000

Summen frå Regionråd/kommunar blir redusert om fylket blir med

Forslag til vedtak:

Regionrådet løyver inntil kr 300 000 som delfinansiering av yrkesmessa 2027. Midlane skal kun nyttast om ein ikkje får anna finansiering og skal takast frå disposisjonsfondet.

Hallingdal, 11. juni 2026

Jan Olav Helling
Dagleg leiar regionrådet for Hallingdal